




Turstiar i Hjelmeland

www.hjelmeland.kommune.no



P Parkering

* Utkikkspunkt

i Informasjonsskilt

Ramsfjell

Dei tre fråflytta gardstuna på Ramsfjell ligg rundt 420 moh. Turløypa er 1,8 kilometer lang kvar veg.

Stien går opp til den midtre garden. Stien vidare til indre og ytre Ramsfjell startar bak løa der.

Ramsfjellgardane var tidlegare forholdsvis store garder med eigne husmannsplassar, men terrenget er bratt og areala var tunge å driva. Siste brukar flytta i 1955.

Utsikten frå Ramsfjell er flott med vidsyn over Jøsenfjorden og heiane rundt. Stien opp er bratt og smal, men lia byr på spennande vegetasjon (m.a. ramslauk og orkidéar).



Indre Ramsfjell.
(Foto: Anne Kari Skogerboe, 2008)



Ytre Ramsfjell. (Foto: Anne Kari Skogerboe, 2008)



Midtre Ramsfjell.
(Foto: Anne Kari Skogerboe, 2008)